

Orienteringssak

Framlegg til oppretting, mandat, organisering og arbeidsoppgåver av Studentutval ved KMD; kalla *KSU*

Dette framlegget er utforma av Arnt-Robert Leganger i samarbeid med studenttillitsvalde og Studentparlamentet i Bergen, skrive ut den 14. februar 2017.

I. Oppretting og mandat

Oppretting

1. Studentutval ved Fakultet for kunst, musikk og design ved UiB – *KSU* – vert oppretta ved felles første allmøte for studentane ved KMD innan 20. april 2017.

1-1. Innkalling til første allmøte skal skje seinast 14 dagar før allmøtet finn stad. Innkallinga skal innehalde informasjon om tid, sted og foreløpig saksliste. Endelig saksliste skal ligge føre minst 7 dagar før møtet. Det skal informerast om at gyldig semesterkort skal visast fram.

1-2. Dagsorden og avviklinga av det første allmøtet:

(1) Allmøte godkjenner seg sjølv som valforsamling for KMD. Dette må vere samrøystes for at val til fakultetsrepresentant til Studentparlamentet og verv i *KSU* skal vere gyldige.

(2) Val av møteleder, referent, tellekorps (3 personar) og underskrivarar av protokoll (3 personer).

(3) Godkjenning av innkalling og dagsorden.

(4) Orientering om økonomisk status.

(5) Val av nye statuttar, vedtekter og mandat. ‘

I desse statuttane skal det stå at ‘*KSU* skal velje inn en fakultetsrepresentant på allmøte innan Studentparlamentets valperiode 2017/2018. Fakultetsrepresentanten skal være vald inn blant studentande ved KMD.’

Dessutan skal det stå korleis ein skal avvikle val av Fakultetsstyrerepresentantar til Styret for KMD

1-3 Saker som blir løftet etter at dagsorden er vedtatt kan berre behandlast dersom 2/3 av representantane er einige i dette.

1-4 Første allmøte kan vedta saker med alminnelig fleirtal.

Mandat

2. *KSU* skal koordinere kommunikasjonen mellom studentmassen ved Fakultetet for kunst, musikk og design og Studentparlamentet – *SP* - gjennom ein fakultetsrepresentant.

I perioden før første allmøte der ein vel fakultetsrepresentant til *SP*, skal representantar frå *KSU*, fakultetsstyrerepresentantar, eller andre studentar som ønsker det, halde kontinuerlig kontakt med arbeidsutvalet til Studentparlamentet.

3. *KSU* skal arbeide opp mot leiinga ved Fakultet for KMD.

4. *KSU* er et samlande studentutval for dei ulike fagutvala på instituttnivå. På instituttnivå er det i første hand fagutval som skal jobbe opp mot leiing på instituttet sitt.

II Arbeidsoppgåver som ligg til KSU

5. KSU er det høgaste student- og fagpolitiske organet ved Fakultet for kunst, musikk og design, og skal slik hevde studentane sine meiningar og interesser i alle saker som angår undervisning, studiesituasjon og drift ved fakultet. KSU skal bidra til å fremje ein god studiekvardag og legge til rette for eit sunt fagleg og sosialt samhald.
6. KSU skal ha eigne økonomiske rammer, slik at ein kan fordela pengar til grupper og organisasjonar som naturleg fell under mandatet til KSU.
7. Grupper og organisatorisk og sosialt arbeid som KSU kan ha og/eller være bindeledd for:
 1. Felles samlingsstad for KSU-studentar; ein stad der ein møtast på fritida og i fagleg-sosiale samanhengar (som faglunsj, fagkritisk dag, fagkveldar etc.).
 2. Fadderstyre og oppstartsutval, og alumniutval. Lesesalsfordeling.
 3. Være med å arrangere alumnifest, Kulturbynatt, Ope Akademi – *Open Academy* -, fagkritisk dag, i tillegg til for eks. Internasjonal komité og revy. Gruppe for ‘oppdragskunst’: Studentkunst ved Universitetet og i det offentlege og private rom.
 4. Ha fellesfora for fagutvala og studentutvala på institutta med studentpolitisk, studiefagleg og sosialt innhald; ‘Semesterstartfest’
8. KSU skal ha vedtekter og arbeidsform som skal være i henhald til det som er standarden for studentutval ved UiB, med dei tillempingar som ligg Fakultet for KMD.
9. KSU trer i verksemd innan 20. april 2017.

Organisasjonskart:

